



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Quality Hotel Sogndal

Møtedato: 26.10.2018

Tid: 09:30 - 13:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

- 0930-0940 Ordførar Jarle Aarvoll ønskjer velkomen til Sogndal
- 0940-1145 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 14.9.2018
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1145-1230 Lunsj
- 1230-1300 Orientering om Ungt Entreprenørskap sine aktivitetar og samarbeid med kommunane
Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
- 1300-1330 Orientering om stadleg leiing ved lokalsjukehusa. Evaluering av rolla.
Margun Thue, stadleg leiar Helse Førde
- 1330 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
17/18	18/2567-4 Fleire læreplassar i Sogn - partnerskapsavtale
18/18	18/3076-2 Klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn
19/18	18/770-10 Jordmorstyrt ultralydtilbod ved Lærdal sjukehus
20/18	16/2478-21 Regional plan for psykisk helse - vidareføring av satsing på psykisk helse i barnehagar og skular
21/18	18/3661-1 Fullmakt til dagleg leiar
22/18	18/3013-4 Møteplan for 2019 - endring
23/18	18/472-9 Orienteringssaker Sogn regionråd

Sogndal, 19.10.2018

Jan Geir Solheim
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 18/2567

Arkiv: A56

Saksnr.: Utval
 17/18 Sogn regionråd

Møtedato
 26.10.2018

Sak 17/18

Fleire læreplassar i Sogn - partnerskapsavtale

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn slik han ligg føre.

Vedlegg:

1. Oversikt lærlingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, 18.10.2018
2. Referat frå partnerskapsmøte 3.5.2018
3. Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn – framlegg

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd ønskjer å bidra til at det blir fleire læreplassar i Sogn. I 2016 tok regionrådet initiativ til å inngå ein partnerskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO Sogn og Fjordane og LO Sogn og Fjordane.

Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordna innsatsen slik at vi får styrka tilbodet og at vi får fleire læreplassar i Sogn.

I Sogn har om lag 200 ungdommar behov for læreplass kvart år. Ikkje alle får læreplass. Det vert vist til vedlagde oversikt over status frå fylkeskommunen.

Fleire læreplassar vil gje auka gjennomføring for elevane. Med god tilgang på læreplassar vil fleire fullføra utdanninga og fråfallet frå vidaregåande opplæring blir redusert.

I regionalplanen for 2017-2020 er ambisjonane vidareførde. Eitt av delmåla innan satsingsområde kompetanse er at Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov. Deltaking i partnerskapen er ein strategi i planen.

I partnerskapsmøte i Balestrand 3. mai 2018 vart samarbeidsområda og viktige prioriteringar drøfta, jf vedlegg. Prioriterte område som vart trekt fram i møtet:

- Næringslivet manglar tilgang på arbeidskraft og at dette er ein grunn for at dei ikkje får meir verdiskaping. Bransjen må sjølv rekruttera lærlingar.
- God søknad på helse og oppvekst – om 2 år er det fleire som søker læreplass
- Kan vi bli enno flinkare til å rekruttera fleire innan yrkesfag og skaffa fleire læreplassar?
- Kan regionrådet drøfta fellestiltak/prosjekt for å få fleire søkjarar til faga som manglar søkjarar og som arbeidslivet har behov for?

- Informera ungdommane om moglegheitene som fagopplæring gir og arbeidslivet sitt behov for fagarbeidarar
- Kommunane har viktig verktøy - utdanningsval og arbeidslivsfag - som bør brukast aktivt.

Avtalen er gått til partane for innspel. Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen og LO er at avtalen kan vidareførast fram til 1.1.2020. Vidare må den tilpassast nye kommunar og ny fylkeskommune.

Rådet ba rådmannsgruppa førebu forankring av avtalen og vurderer om måltal i avtalen kan aukast. Rådmannsgruppa sitt forslag er å leggja lista litt høgare ved å heve frå 2 løpande kontraktar til 2,5 lærling pr tusen innbyggjar. Det var tilslutting til at punkt om samarbeid mellom offentleg verksemd og private bedrifter vart teke med i ny avtale. Døme kan vera samarbeid med reiselivsbedrifter som ikkje driv på heilårsbasis. Det er teke inn eit punkt om dette samarbeidet i framlegg til ny avtale. Framlegg til ny partnarskapsavtalen følgjer vedlagt.

Vurdering:

Det er blitt større merksemd om fagopplæring no enn tidlegare. Søkjartala til yrkesfag er på veg oppover. Å tilby lære plassar er eit viktig virkemiddel for å skaffa næringsliv og samfunnet nødvendig fagkompetanse i åra framover. Behovet for fagarbeidarar vil auka i åra som kjem og det vil bli kamp om arbeidskraft.

Fokuset for partnarskapen er den viktige samfunnsoppgåve det er med å få fleire lære plassar, og at plassane samsvarer best mogleg med det næringslivet, offentlege verksemdar og ungdommane etterspør. Partane vurderer at avtalen er ein god måte å få fram behov og få til god samordning. Det handlar om å spele på lag med andre aktørar for å oppnå felles mål.

Ein partnarskapsavtale koordinerer og avklarar innsatsen til aktørane, og slik kan avtalen medverka til å setje framdrift i tiltaka. Når fleire elevar gjennomfører utdanninga vil dette sikra betre rekruttering og at arbeidslivet får faglært kompetanse som det er behov for.

Kommunane blir oppmoda om å syte for forankring, også politisk, i eigen kommune.

Vedlegg

Oversikt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Søkjarar og godkjente kontraktar

Kommunar	2015		2016		2017		2018	
	Søkarar	Godkjende Kontrakter	Søkarar	Godkjende kontrakter	Søkarar	Godkjende kontrakter	Søkarar	Godkjende kontrakter
Avgj skule								
Sygna	5		1		1		2	
Høyanger	27		25		27		27	
Årdal	37		32		30		35	
Sogndal	126		113		128		136	
Aurland		1		7		8		10
Balestrand		0		1		2		2
Høyanger		3		14		20		22
Leikanger		0		3		17		15
Luster		3		11		20		12
Lærdal		1		5		13		11
Sogndal		8		41		64		59
Vik		2		9		11		7
Årdal		5		27		47		43
Totalt		23		118		202		181

Oversikt lærlingar i Indre Sogn 12.10.18

Løpande kontraktar	Med ungdomsrett	Utan ungdomsrett	Totalt	Totalt kommune, bedrift
Aurland	16	2	18	
<i>Aurland kommune, bedrift</i>	3	1		4
Balestrand	2	3	5	
<i>Balestrand kommune, bedrift</i>	1	0		1
Høyanger	37	12	49	
<i>Høyanger kommune, bedrift</i>	4	1		5
Leikanger	23	4	27	
<i>Leikanger kommune, bedrift</i>	1	0		1
Luster	32	5	37	
<i>Luster kommune, bedrift</i>	9	2		11
Lærdal	22	7	29	
<i>Lærdal kommune, bedrift</i>	5	2		7
Sogndal	106	29	135	
<i>Sogndal kommune, bedrift</i>	15	4		19
Vik	24	2	26	
<i>Vik kommune, bedrift</i>	2	0		2
Årdal	73	15	88	
<i>Årdal kommune, bedrift</i>	9	1		10
Totalt			414	60

Vedlegg

Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

Bakgrunn og føremål

Kvar haust er det om lag 200 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og tilbodet for lærlingane. Kommunane skal styrke tilbodet til eigne innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv. Både for ungdommane, dei føresette og for bedriftene vil det vere tenleg å avklare læreplass så tidleg som mogleg. Dette vil verke motiverande for mange ungdommar å vite at det står "klar" ein konkret læreplass. Auka motivasjon vil vi vonleg sjå igjen i auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd vil bidra til at det blir fleire læreplassar i kommunane og i private verksemder. Regionrådet har som strategi at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemder, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra lærlingeordninga (fagopplæringa) i alle relevante bransjar, slik at det blir skaffa flest mogleg læreplassar til elevar som ønskjer det. Fagopplæringsnemnda er partssamansett og har særleg ansvar for å gi råd og uttale til hovudutval for opplæring i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Fagopplæringsnemnda skal arbeide med rekruttering av læreplassar og lærlingar, og kvalitet i fagopplæringa.

Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

Avtalepartar

Avtalen er mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO Vestlandet, LO Sogn og Fjordane og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Tiltak og samarbeidsområde

Dei viktigaste tiltaka og samarbeidsområda vil vera:

- kommunane deltek på samlingar om lærlingordninga
- temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora
- LO og NHO deltek i samarbeidsforum saman med kommunane, fylkeskommunen og regionrådet
- LO og NHO profilerer og argumenterer fagleg for behovet for læreplassar overfor kommunane og verksemdene
- informera bedrifter om lærlingordninga for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- informera ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir og bidra til god rekruttering til yrkesfagleg utdanning
- synleggjera behovet for fagarbeidarar og gode yrkeskvalifikasjonar i arbeidslivet
- få fram betre og meir synlege overgangar frå yrkesutdanning til høgare utdanning
- styrka omdømme og bidra til statusheving for yrkesfagleg utdanning

- fylkeskommunen gjer aktuell statistikk og analyse tilgjengeleg for å auke kunnskapsgrunnlaget om fagopplæring.
- kommunane sitt mål er 2,5 lærling pr tusen innbyggjar
- arbeida for offentleg-privat samarbeid om lære plassar
- aktivt arbeide for at fleire arbeidstakarar tek fagbrev til dømes gjennom praksiskandidatordninga

Organisering av samarbeidet

Partane etablerer tenleg samarbeidsstruktur. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ein jamleg dialog for å vidareutvikla samarbeidet. Partane skal syte for å:

- Sikre politisk/administrativ forankring i eigen kommune/organisasjon
- Informera aktivt i alle relevante ledd i eigen kommune/organisasjon
- Informerer kvarandre gjensidig i høve aktuelle arrangement og møte som gjeld arbeidet med å styrka lærlingordninga
- Bringe relevante satsingar inn i samarbeidet
- Bidra til å stilla til rådvelde nødvendige ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar

Avtaleperiode og evaluering

Avtalen gjeld for 2019. Partane evaluerer føremål, tiltak og resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen i det årlege møte.

Dato:

Sogn regionråd

Sogn og Fjordane fylkeskommune

LO Sogn og Fjordane

NHO Vestlandet

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/3076

Arkiv: U01

Saksnr.: Utval
18/18 Sogn regionråd

Møtedato
26.10.2018

Sak 18/18

Klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 100 000 i 2018 og kr 100 000 i 2019 av regionale utviklingsmidlar til Vestlandsforskning til utgreiingsprosjektet for bruk av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeidet.

Vedlegg:

Søknad om utgreiingsprosjekt for bruk av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeidet frå Vestlandsforskning 28.8.2018

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Vestlandsforskning søker om midlar for å greie ut bruk og utvikling av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeid som eit mogleg nytt satsingsområde i Sogn.

Mål med utgreiinga er å:

1. Kartleggja synspunkt på evt forslag til nye miljøteknologiske løysingar for å møte utfordringane klimaendringar stiller overfor samfunnet
2. Vurdera potencialet for a) etablera Sogn som ein nasjonal møtearena for dette temaet, og b) nye næringsetableringar i Sogn på dette området

Vestlandsforskning vil i utgreiinga sjå særleg på «hard» teknologi; tekniske endringar av produksjonsprosessar og/eller produkt (til dømes behov for lettare haustingsmaskiner som kjem ut på våt mark) og «mjuk» teknologi; praksisendringar av produksjonsprosesser og/eller produkt (til dømes behov for nye rutinar for gjødsling, jordbearbeiding og hausting. Dei vil intervjuje representantar frå jordbruk, havbruk og andre (næringssefjar, Innovasjon Norge) og legg opp til enkeltintervju ev. gruppeintervju. Vestlandsforskning søker om kr 200 000 til prosjektet som vil finansiera to månadsverk.

Med gjennomføring av prosjektet denne hausten, vil resultatane bli lagt fram på nyåret på ein nasjonal konferanse om klimatilpassing og næringsutvikling. Dei vil kople dette prosjektet mot eit pågåande arbeid med å realisera eit nasjonalt kunnskapssenter om berekraftig klimatilpassing i Sogndal. Fylkestinget løyvde i juni 1,2 millionar kroner til etablering av eit kunnskapssenter. Målet med senteret er å utvikla ny kunnskap som næringsliv og offentlege etatar kan bruke i arbeidet med å utvikle gode løysingar for tilpassing til klimaendringar. Det vert arbeidd for løyving over statsbudsjettet.

Vestlandsforskning informerte regionrådsleiar og dagleg leiar om prosjektet tidlegare i haust, rådet fekk informasjon i sist møte og næringssefjane på siste nettverksmøte 17. september.

Vurdering:

Innspele frå sist næringsnettverket var at det finst nasjonale sentra med kompetanse innan grøn næringsutvikling og at dette prosjektet bør kople seg til det som skjer nasjonalt. Vestlandsforskning ønskjer gjennom prosjektet å opne nytt kapittel i arbeidet med grøn næringsutvikling og miljøteknologi, og vurderer kva dette kan innehalde og om dette er noko for Sogn å satse på. Vestlandsforskning er i kontakt med ulike forskingsmiljø som er aktiv på andre område innan næringsutvikling (døme SINTEF og NMBU), og det er ikkje andre fagmiljø som arbeider spesifikt med dette innanfor emnet «klimatilpassing».

Vestlandsforskning vil kartlegge forslag til teknologiske løysingar som gjer oss i stand til å tåle eit endra klima og vurderer potensialet for næringsetableringar i Sogn på dette området. Så langt har det grønne skiftet gjerne blitt knytta utelukkande til det å redusere utslipp av klimagassar. Dette prosjektet handler om den andre halvdel av klimapolitikken; det å tilpasse samfunnet til forventede klimaendringar.

Det vil vera ein styrke om prosjektet knytter til seg ei referansegruppe. Gruppen kan til dømes bestå av regionrådsleiar /ordførar, næringssefjar, representant frå offentleg forvaltning og frå næringslivet.

Regionalplanen 2017-2020 sitt delmål innan satsingsområdet næringsutvikling er etablering av nye og vekst i eksisterande private og offentlege verksemdar i regionen. Regionrådet sin plan har vidare grøn næringsutvikling som eitt av områda der strategien er at rådet skal tilretteleggje for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og bygger kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet. Administrasjonen vurderer dette prosjektet til å vera i samsvar med mål og prioriterte satsingar i regionalplanen. Prosjektet vil bidra til å styrke næringsutviklinga i regionen gjennom eit samspel med næringsliv, forskingsmiljø og andre sentrale aktørar. Det finst stor kompetansebase i eksisterande næringsliv som kan gje grunnlag for vekst og utvikling i regionen.

Administrasjonen tilrår å støtte søknaden. Prosjektet kan finansierast av regionale utviklingsmidlar for 2018 og 2019.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 18/770

Arkiv: 646 H10

Saksnr.: Utval
 19/18 Sogn regionråd

Møtedato
 26.10.2018

Sak 19/18

Jordmorstyrt ultralydtilbod ved Lærdal sjukehus

Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at kommunane bidreg med finansiering til investering av ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus slik det går fram av saksframlegget.

Vedlegg:

Rapport - Etablering av jordmorbasert ultralydtilbod ved Lærdal sjukehus, 13.6.2018
 Referat frå møte med Helse Førde 24.9.2018

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd ønskjer etablert eit tilbod om ultralydundersøking for gravide ved Lærdal sjukehus.

I dag må gravide reise anten til Førde eller Voss sjukehus for slik undersøking.

Sogn regionråd har siste året sendt innspel og vore i dialog med Helse Førde for å få etablert tilbodet. Det vert vist til vedlagde rapport.

Det er behov for å fornye ultralydutstyret ved sjukehuset for å kunne gje tilbod til gravide.

Helsegruppa i Sogn regionråd møtte leiinga i Helse Førde 24. september. Helse Førde er positiv til etablering av tenesta, men vurderer at investeringa har høg kostnad i høve til bruken. Helse Førde ville prioritert andre grupper der reiser vert opplevd som meir belastande. Jordmor som vert tilsett må ha tilknytting til fagmiljøet ved Førde sentralsjukehus.

For 2018 var gynekologteneste innsparingstiltak. Helse Førde ser på løysing for å få gynekologtenesta tilbake til sjukehuset og kan då utvida bruken av ultralydutstyret. Helsegruppa foreslår at løysing kan vera at regionråds kommunane finansierer nytt utstyr. Helse Førde vil vurderer kva krav som skal stillast til utstyret slik at det seinare kan få utvida bruk. Kostnad for å investera i utstyret vil vera om lag kr 600 000.

Ultralyd var sett opp som sak i rådmannsgruppemøte, men møtet vart avlyst, og fordelingsmodell er derfor ikkje blitt drøfta.

Vurdering:

Aktuelle modellar å fordele kostnaden på kan vera:

- Fordelingsnøkkel etter innbyggjartal/ ev tal fødselar

- Ei todeling av kommunane med lik fordeling innan si «gruppe» jf fordelingsmodell for MR-maskina
- Ev ein kombinasjon av desse modellane

Om ein følgjer fordelingsnøkkel etter tal innbyggjarar vil beløpet ikkje ta omsyn til at bruken kan variere. Samstundes kan tal fødsjar variere frå år til år, ev. kan ein sjå tal fødsjar over fleire år.

Fordelingsmodell for MR-maskina var som nemnt etter ei todeling av kommunane, medan Lærdal finansierte ein større del enn dei andre kommunane. Dersom ein elles legg til grunn tilsvarande fordelingsmodell vil kr 600 000 bli fordelt slik:

- Kr 480 000 blir fordelt likt mellom kommunane Sogndal, Årdal, Luster, Aurland og Lærdal: kr 96 000 pr kommune.
- Kr 120 000 blir fordelt likt mellom kommunane Leikanger, Vik, Høyanger og Balestrand: kr 30 000 pr kommune.

Rådet kan om ønskeleg be rådmannsgruppa gjera ei fordeling i neste møte i oktober/november.

Helsegruppa har eit klart ønske om å styrke Lærdal sjukehus som helseinstitusjon i Sogn. Ultralydteneste vil bidra til å styrke det totale helsetilbodet.

Føremonene med å få tilbodet på plass er store både for den gravide og familien og for arbeidsgjevar. Dette er god samfunnsøkonomi og vil gje eit betre tilbod for gravide. Medisinskfagleg vil tilbodet vera ein tryggleik for fastlegar og kommunejordmødre.

Det er gode erfaringar med tilbodet som vart etablert ved Nordfjord sjukehus i 2015. Eit desentralisert tilbod ved Lærdal sjukehus vil gje gravide i Sogn kortare reiseveg og spart tid når dei skal til ultralydundersøking. Nytt ultralydutstyr er viktig og vil bidra til å styrke aktiviteten ved Lærdal sjukehus. Helse Førde er positiv til å etablere funksjonen ved Lærdal sjukehus med same kvalitetskrav som ved Helse Førde. Det er derfor behov for nytt utstyr. Utfordringa er å nå opp i prioritering av pasientgruppa og medisinsk teknisk utstyr. Dette har så langt stansa etablering av tenesta. Helsegruppa tilrår at kommunane går inn med eigne midlar.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 16/2478

Arkiv: G70 &30

Saksnr.:	Utval	Møtedato
31/16	Sogn regionråd	09.12.2016
20/18	Sogn regionråd	26.10.2018

Sak 20/18

Regional plan for psykisk helse - vidareføring av satsing på psykisk helse i barnehagar og skular

Tilråding:

Sogn regionråd set av inntil kr 180 000 av fondsmidlar barnehage og skule til å vidareføra satsinga innan psykisk helse og gjennomføre kompetansehevingstiltaka for tilsette i barnehagar og skular.

Vedlegg:

1. Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge
2. Statusrapport frå kommunane

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Psykisk helse er eit av satsingsområda i utviklingsprogrammet System for styrka læring. Regional plan for arbeidet med god psykisk helse i barnehagar og skular i regionen er eit av tiltaka i partnerskapsavtalen for styrka psykisk helse.

Planen er meint å vera eit arbeidsdokument som bør brukast flittig i arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse. Målet med planen er at arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og trivsel får større merksemd i regionen.

Planen inneheld felles regionale tiltak:

- 1) Samarbeid om satsingsområde, strategiar, fagnettverk og tilgang til eksterne og interne ressursar.
- 2) Alle tilsette i skular og barnehagar skal få basiskompetanse innan fem område. Det er lagt opp til 10 timar basisopplæring for alle tilsette, med 2 timar opplæringsøktar for kvart tema:
 - Haldningar og bakgrunnskunnskap
 - Kva som fremjar psykisk helse
 - Kjensler – å forstå dei og handtere dei
 - Risikofaktorar i barnehage og skule
 - Om å handtera teikn på vanskar

Den regionale planen vart handsama i programstyret 11.11.2016 og i regionrådet 9.12.2016, og vart deretter sendt til kommunane for politisk handsaming.

Kommunane vart oppmoda om å konkretisera innsatsen med å styrke barn og unge si psykiske helse. Dei kommunale tiltaka vert vedlegg til den regionale planen.

Programstyret for System for styrka læring fekk i sist møtet 4.6.2018 informasjon om status på kommunane sine tiltak. Kommunane har ulik framdrift som er naturleg der barnehagar og skular skal planleggja inn tiltak og aktivitetar i tråd med behov og analyse i eigen organisasjon, og innarbeidast i lokale planar.

Som det framgår i den regionale planen vil kommunane planleggja kompetansehevingstiltaka og regionrådet vil hjelpa kommunane med organisering og gjennomføring.

Sogn regionråd samarbeider med høgskulen om psykolog innan folkehelse. Psykologen rettleiar personalet og er samtalepart for leiarar i kommunane og driv undervisnings- og forskingsarbeid ved høgskulen. Stillinga er delt mellom kommunane og høgskulen, og finansiert av midlar frå Helsedirektoratet og høgskulen. Regionrådet bidreg med delar av driftskostnadane.

Psykologen har slutta og vi er i kontakt med høgskulen for ny utlysing og tilsetjing.

Vurdering:

Psykologen har vore sentral i arbeidet med å utvikla innhaldet i modulane og gjennomføra opplæringa. Så langt er modul 1-3 av dei fem modulane blitt gjennomført ved nokre av barnehagane i regionen. Det har vore svært gode evalueringar på modulane som er gjennomførte. Etter drøftingar i kommunane der fleire skular har vore med på KLAPP-prosjektet («Kompetanseheving i lærernes arbeid med positiv helse og læringsmiljø»), har barnehagane fått tilbodet om modulopplæring i første omgang, og skulane vil få tilbod seinare.

Finansiering av kompetansehevingstiltaka /modulane framgår ikkje av regionalplanen innan psykisk helse. Som nemnt har psykologen hatt ei sentral rolle i dette arbeidet. Administrasjonen tilrår at rådet set av midlar til å gjennomføre kompetansehevinga av tilsette. Desse midlane vil bli brukt til å leige inn eksterne fagpersonar i påvente av at ny psykolog kjem på plass. Slik kan kommunane få gjennomført opplæringa i tråd med kommunane sine tidsplanar og det vil forenkla organiseringa og gjennomføringa av tiltaket. Vi tenkjer i første omgang å få gjennomført modul 1-3 der innhaldet alt er utvikla, men også å setja av ressursar til å utvikla og tilby kommunane modul 4 og 5.

Med tilsetjing midt i undervisningsåret, kan det ta tid før høgskulen får fylt stillinga med relevante undervisningstema. Det er derfor ei løysing å auka innsatsen for det som gjeld kommunane sin del i denne overgangen. Det er teke høgde for ei slik løysing med tilrådde beløp.

Tiltaket kan finansierast av fondsmidlar eller kompetansemidlar barnehage/skule.

Sogn regionråd

 Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 18/3661

Arkiv:

Saksnr.: Utval
 21/18 Sogn regionråd

Møtedato
 26.10.2018
Sak 21/18**Fullmakt til dagleg leiar****Tilråding:**

Dagleg leiar får fullmakt til å disponera inntil kr 50 000 til enkeltoppdrag.

Dagleg leiar rapporterer til rådet sitt neste møte.

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

I Sogn regionråd sine vedtekter § 4 Sekretariat står det at «Rådet kan kjøpe sekretariathjelp som står for den daglege drifta av rådet innanfor dei râmene som er fastsett av rådet. Rådet kan elles be om hjelp frå medlemskommunane i høve sekretariatet sine oppgåver. Sekretariatet skal syte for å halde kommunar og rådsmedlemmer orienterte om verksemda i rådet, og stå for praktisk arbeid etter vedtak i rådet.»

Retningslinjer for dei politiske arbeidsgruppene omhandlar disponering av midlar: «Arbeidsgrupper som har behov for eigne midlar for å utføra oppgåvene, kan få tilført midlar frå regionrådet for ei avgrensa periode og til definerte føremål».

Vurdering:

Regionrådet fungerer som base for definerte prosjekt og bidreg til å samordne og forenkle oppgåvene til kommunane. Hjelp til konkrete oppgåver kan løysast ved at medlemskommunane bidreg eller at det blir henta inn ekstern hjelp.

Ekstern bistand kan vera aktuelt dersom det er behov for særskilt fag- eller prosesskompetanse for definerte oppdrag. Det kan også vera behov for å auka kapasiteten i periodar med høg aktivitet og slik sikre framdrift av tiltaka.

Rådet sitt budsjett er kr 6-8 mill som også omfattar prosjektmidlar og ekstern finansiering.

Det kan vera tenleg å få avklart den økonomiske ramma som dagleg leiar kan disponera knytta til innhenting av ekstern kompetanse eller til frikjøp frå ein av medlemskommunane.

Innhenting av utgreiingsressurs vil vanlegvis bli drøfta med leiar i rådet ev. leiar i rådmannsgruppa, men det vil gå ekstra tid om ein skal ha rådshandsaming på slike mindre saker.

Tilrådinga er at dagleg leiar kan disponera inntil kr 50 000 til enkeltoppdrag, og at regionrådet får informasjon om bruken av midlane til neste møtet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/3013

Arkiv: 033 &85

Saksnr.:	Utval	Møtedato
14/18	Sogn regionråd	14.09.2018
22/18	Sogn regionråd	26.10.2018

Sak **22/18**

Møteplan for 2019 - endring

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek å endra møtedato frå 31. januar til 13. februar 2019.

Saksutgreiing:

Karrieremessa i Bergen er 13. februar og ikkje 31. januar 2019. Møteplanen blir endra i samsvar med det slik at rådet har møte i samband med messa i Bergen.

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/472

Arkiv: 062

Saknr.: Utval
23/18 Sogn regionråd

Møtedato
26.10.2018

Sak **23/18**

Orienteringssaker Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Ungt Entreprenørskap sine aktivitetar og samarbeid med kommunane
Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
7. Orientering om stadleg leiing ved lokalsjukehusa. Evaluering av rolla.
Margun Thue, stadleg leiar Helse Førde
8. Omvisning på sjukehuset